

Styremøte i Vats Grendautval

Torsdag 03.03.11 på Vats skule kl 19:30

Desse møtte: Jon Olav Velde

Kristin Ove Skare

Åsmund Kalstveit

Anne Nesheim Myhre

Hilde Fadnes Hølland

Dei som ikkje kunne kome: Severin Fatland og Arve Mjølhus

Sak 1. Konstituering av styret:

Me konstituerte oss og følgjande blei vald:

Leiar: Jon Olav Velde

Nestleiar: Hilde Fadens Hølland

Kasserar: Jon Olav Velde

Skrivar: Hilde Fadens Hølland

1 vara: Arve Mjølhus

2 vara: Olaug Urdal

Sak 2. Høyringsdokument ang. utvidning av aktivitetar på AF Miljøbase på Raunes

AF Gruppen har gitt ut eit forslag til planprogram (februar 2011), *Detaljreguleringsplan for sjøområder i Vats og Yrkjesfjorden.*

AF Decom Offshore ønskjer å vidareutvikle verksemda på Raunes slik at AF Miljøbase kan bli ein lokalitet for oppdrag i ein større marknad/ opnast for andre aktivitetar . Dette krev ei utarbeiding av detaljreguleringsplan samt konsekvensutredning og utarbeiding av planprogram. Hensikta med planprogrammet er å gje ein orientering til berørte/interesserte partar om tiltak og planprosessen, gje medvirknings moglegheit og bidra til at konsekvensane av planforslaget blir grundig vurdert i planforslaget.

På møtet tok me opp saker som Grendautvalet vil ha fokus på og ha med i særutskrifta som me sender til dei aktuelle:

1. Tysvær kommune grenser til Vindafjord i Vats- og Yrkjefjorden. Det bør opprettaast eit samarbeid mellom kommunane, slik at me kan einast om korleis ein løyser saker som angår aktivitetar på Raunes.
2. Opphogning bør skje på land på Raunes eller offshore. All opphogning som skjer på sjøen har ei uka risiko for forureining.
3. NIVA sitt engasjement går ut i 2014. Grendautvalet meiner at NIVA bør fortsetja sitt arbeid samt gje ut årlege rapportar.
4. Det må tas omsyn til fiskarane i fjorden. Aktivitetar må ikkje leggast til tid for fiske.
5. Auka transport på vegar. Raunes melder om auka aktivitetar noko som kan medføre auka transport langs vegen. Om det blir støypling av botnsekksjonar til vindmøller eller anna aktivitet må ein sjå ut ifrå korleis ein skal transportera betong og anna utstyr til denne prosessen. Auka transport og spesielt tungtransport, gjer at ein må tenka trafikksikkerheit og at vegen må utbetras. Grendautvalet meiner:
 - **Riksveg 46 frå Knaphus til Raunes** må få sykkel og gangsti. Dette er ein veg med mye trafikk og spesielt tungtrafikk. Det er også skuleveg og det ferdast ein del mjuk trafikantar.
 - Veg som går inn til **Knaphusfeltet** frå riksveg 46, må utbetrast og det bør lagast ein undergang. Dei som bur på dette feltet må kryssa vegen (rett før Knaphuskrysset kor det er stor trafikk) for å koma på busshaldeplass/butikk. Dette gjeld særskilt skuleungdom. Vegen er også bratt nedover mot riksveg 46 - dette utgjør også ein stor trafikkrisiko.
 - **Knaphuskrysset (frå riksveg 46 til E134)** bør utbetrast og få rundkjøring. Det er stor trafikk på E134 og dette kan skapa ein del farlege situasjonar for dei som skal ut eller inn på riksveg 46.

Sak 3. Vatsvassdraget.

Åsmund orienterte om korleis planane som ligg føre om Vatsvassdraget. Han skal kalla inn til eit fellesmøte i Styringsgruppa i mars ein gong. Det vil også bli sendt ut ei oppmoding til alle grunneigarar om å sjekke kummar, avrenning og om det er lekkasjar osv.

Sak 4. vindmølleprosjektet på Døldarheia.

Åsmund orienterte om denne saka. Det pågår ein jordskifteprosess. Jordskifteretten skal avgjere dette slik at det blir laga ein fordelingsnøkkel til sommaren. Når det gjeld framdrift i dette prosjektet så er det blitt sendt inn ein melding til NVE. Vidare arbeid her er ei høyring og at NVE utarbeidar KU program. Deretter lagar HK/FORAS ein konsesjonssøknad.

Me snakka også litt om korleis eit slikt stort prosjekt vil få for grunneigerane og for naturen. Eit slikt prosjekt vil få stor innverknad på natur og for bruken av området som rekreasjonsplass for folk. Det blei trekt fram både negative og positive konsekvensar. For grunneigerane vil det bli betre tilkomst til området for gjødsling og betre beite. Det vil bli stort inngrisen i naturen som vil syna i mange år. Alle ynskjer rein og fornybar energi i framtida – då må me ofra noko om det er ynskjeleg eller ikkje.

Sak 5. Veglysprosjektet langs E 134.

Jon Olav orienterte om denne saka. Det er laga sykkel- og gangsti frå Knapphus til Aurdalsvegen på dugnad. Det er også satt opp lysmaster langs vegen frå Knapphus til Øvre Vats bedehus. Dugnadsnemda i Øvre Vats sendte ballen vidare til Grendautvalet for å fullføra dette prosjektet. Det trengs 35 master frå Øvre Vats bedehus til Aurdalsvegen.

Jon Olav har sjekka med Vindafjord kommune og Statens vegvesen, og begge parter er positive til fullføring av dette prosjektet. Haugaland Kraft er også behjelpelege med oppmåling og har gitt pris på mastene. Grendautvalet ved Jon Olav vil ta kontakt med dugnadsnemda og jobba vidare med saka.

Sak 6. Turstiprojekt.

Jon Olav har gjort eit flott arbeid med å merka mange turstiar i Vats. Det er laga skilt og sett opp merkepinnar på alle turane. Det vil denne våren bli sett opp ei ny informasjonstavle ved ved Øvre Vats bedehus der det vil bli parkeringsplass. Herifrå går det to turar: ein til Krakkanuten og ein til Vatnedalen og evt. vidare til E 134 ved Austreim i Skjold. Det er ein del SMIL-midler i dette kommunale turstiprojektet. Overskotet går til lag og organisasjoner i bygda.

Omtale av turane ligg på Vatsnett.com under fana **Fritid/turisme**.

Sak 7. Nytt bedehus/kyrkjetun i Vats.

Jon Olav orienterte om saka. Grendautvalet har tidlegare sendt ei særutskrift til styret i byggekomiteen for menighetshuset og til leiar i Vindafjordhallen. I særutskrifta blir det oppfordra til ei bygningsmessig og samdriftsmessig samarbeid mellom menighetshus og Vindafjordhallen.

Det har vore samarbeidsmøte om denne saka, men det syner seg å vera svært vanskeleg å få til ei god praktisk byggeteknisk måte å få dette til. Begge partar har vore positive til å prøva å få til ei god løysing, men utan å lukkast. Dette tek Grendautvalet til etterretning.

Styret for det nye bedehuset startar nå eit finansieringsarbeid etter at planteikningane er klare.

Sak 8. Møteplan framover for Grendautvalet.

Me har satt opp følgjande dagar for møte:

- **Onsdag 27. april**
- **Måndag 20. juni**

Forslag til saker kan sendast til Hilde eller Jon Olav.

Det blir også annonseret møter på Vatsnett.com.

Sak 9. Sak angåande dugnad og leige av Vindafjordhallen.

Kristin orienterte om denne saka. Lag og foreningar meiner at dei har lite att etter dugnadsarbeid i Vindafjordhallen. Grendautvalet etterlyser regler for bruk av kjøkken og kva slags avtalar som gjeld når ein gjer dugnad?

Det skal være årsmøte i Vindafjordhallen 28.03. Jon Olav stiller på møtet.

Sak 10.Ymse

Anne spurde om det var noko planer for ei offentleg strand i Nedre Vats. Det er ei strand sør for fyret men det er ikkje tilrettelagt for parkering og søppelhandtering.

Det ligg som ein del av kommuneplanen å tilrettelegga for ei offentleg strand.

Nedre Vats 4. mars 2011

Hilde Fadnes Hølland

-skrivar i Grendautvalet -